



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 24.11.2015
Vår ref.: 2014/11976-43
Saksbehandlar: heljo
Dykkar ref.:

Omklassifisering av fylkesveg til riksveg - uttale frå Hordaland fylkeskommune

Statens vegvesen har i brev av 14. oktober 2015 bedt Hordaland fylkeskommune å komme med innspel til fylkesveggar i Hordaland som kan vurderast omklassifisert til riksveg.

Fylkesutvalet hadde saka til handsaming den 19. november 2015 (FU 296/2015) sjå vedlegg, der fylkesutvalet vedtok:

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.

2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.

3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på "større veger med sterke næringsinteressar" vil kunne ivareta ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapen på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar vegseksjonen

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Vedlegg: Politisk sak FU 296/2015 – Omklassifisering av fylkesveg til riksveg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.